



Arkivnr: 2014/560-247

Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		09.09.2016

Budsjett for 2017 - innspel frå Ungdommens fylkesutval

Samandrag

Fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett 2017 for Hordaland fylkeskommune er planlagd å vere ferdig til veke 42. Så kjem det til politisk handsaming i dei faste utvala (KIRU, MISA og OPHE), fylkesutvalet og vert endeleg vedteke i fylkestinget i desember. I budsjettforslaget ligg forslag til budsjett for Ungdommens fylkesting, samt alle dei sakane som UFU jobbar for og med.

Ungdommens fylkesting har for 2016 fått tildelt 280 000 kr i budsjettet til Hordaland fylkeskommune. Kva som vert tildelt for 2017 vert lagt fram som eit forslag frå fylkesrådmannen i oktober og vert vedteke av fylkestinget i desember.

Ungdommens fylkesutval må ta stilling til kva aktivitetar som skal skje i 2017. Dersom desse aktivitetane inneber trøng for auke i tildelte midlar kan dette formidlas til administrasjonen ved økonomi- og organisasjonsavdelinga. Det same gjeld for dei punkta i UPP som UFU jobbar med. Dersom det er noko der som krev auka midlar eller ressursar, må ein gjere administrasjonen merksam på dette slik at dei har moglegheit til å gjere auke i budsjettet. Administrasjonen vil så sjå på moglegheiter for eventuell auke. Endeleg avgjerd vert å finne i utkast til budsjett som vert presentert i oktober.

Sjølv om dei ønskja UFU har ikkje vert teke høgde for i forslaget som vert fremja av fylkesrådmannen i oktober er det framleis moglegheit for å få til ei endring. Då må ein kontakte politikarar direkte eller ved å sende ei uttale til budsjettet til dei politiske utvala og fylkestinget. Dette bør ein gjere så tidleg som mogleg og gjerne ha eit utkast til allereie før ein veit kva forslaget for fylkesrådmannen inneber. Det er kort tid frå budsjettet vert lagt fram til politikarane skal gjere vedtak i saka.

Det vert lagt opp til eit budsjettmøte 21. oktober, ein fredag på dagtid. Då får de ein gjennomgang av budsjettet og kan stille spørsmål om kva de må gjere for å få til dei endringane de ønskjer. I helga 21.-23. oktober er det planlagt eit helgemøte der de blant anna kan førebu ei uttale til budsjettet og eventuelle førespurnadar til politikarar.

Forslag til førebels budsjett 2017 for Ungdommens fylkesting frå administrasjonen vert utarbeida på bakgrunn av ønskja aktivitetar og forslag til tildeling frå fylkesrådmannen. Saka om førebels budsjett 2017 for Ungdommens fylkesting vert derfor tidlegast fremja til november-møtet.

Forslag til vedtak

Ungdommens fylkesutval gjer slike vedtak:

1. Ansvar for innspel til forslag til budsjett 2017 til administrasjonen får og frist vert
2. Ansvar for innspel til forslag til budsjett 2017 til politikarane fårog frist vert

3. Ansvar for uttale til fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett 2017 får og frist vert

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.